

# Prop. 80 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet – Redningstenesta

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 25. mars 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Rejeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Justis- og politidepartementet fram forslag om endringar i løyingane under kap. 455 Redningstenesta i statsbudsjettet for 2011.

### 2 Forslag om endringar

#### Kap. 455 Redningstenesta

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Redningshelikoptra Noreg har i dag er gamle og har behov for mykje vedlikehald. Auka bruk på grunn av større oppdragsmengde samt at Florø-basen blei oppretta i 2009, gjer at ein berre har nok Sea King-redningshelikopter til akkurat å oppretthalde beredskapen på dei seks redningshelikopterbasane.

Sea King og 330-skvadronen høyrer også med til dei ressursane Forsvaret nyttar når politiet ber om bistand i særskilde tilfelle. For å kunne oppretthalde denne kapasiteten er det nødvendig at helikoptra og 330-skvadronen gjennomfører trening for slike oppdrag og vidare er med på samøving med politiet. Dersom redningshelikoptra skal kunne delta i slik øving utan at det går ut over redningsberedskapen, er det nødvendig å leige inn sivile operatørar som kan oppretthalde beredskapen på redningshelikopterbasane medan øvingane finn stad. Det kan då være nødvendig å leige inn sivil kapasitet i opp mot 40 dagar. Rejeringa foreslår derfor å løyve 14 mill. kroner for å gjere det mogeleg å blant anna leige inn ein sivil operatør.

På denne bakgrunn blir det foreslått å auke kap. 455 Redningstenesta, post 01 Driftsutgifter med 14 mill. kroner i 2011.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet – Redningstenesta.

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet – Redningstenesta i samsvar med vedlagte forslag.

## Forslag

### **til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Justis- og politidepartementet – Redningstenesta**

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
455		Redningstenesta	
01		Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 643 652 000 til kr 657 652 000	14 000 000